



Jordvern i utmark

Forfatter

Yngve Rekdal, Norsk institutt for skog og landskap

Michael Angeloff, Norsk institutt for skog og landskap

Sammendrag

I utmark er det veldig store kvalitetsforskjellar på areal med omsyn til produksjon av beiteplanter, men jordverntanken må rå også her.

Publisert

2012

Referanse

Sau og Geit nr. 3/2012

Utskriftsdato

22.02.2024 www.fag.nsg.no

Jordvern i utmark

I utmark er det veldig store kvalitetsforskjellar på areal med omsyn til produksjon av beiteplanter, men jordverntanken må rå også her.

Den nye Landbruks- og matmeldinga legg vekt på at produksjonsareala for jordbruket må takast vare på. Dette må også gjelde areal i utmark. Dessverre ser ein altfor ofte hytter plassert i frodig beitemark.

Store kvalitetsforskjellar

I utmarka er det stor variasjon i arealkvalitet med omsyn til planteproduksjon. Dette har sin bakgrunn i at tilgang på næring og vatn i jorda kan variere mykje sjølv over korte avstandar. På fattig og tørr grunn blir vegetasjonen lågproduktiv med lav- og tørketålande lyngartar som har liten verdi som beite. Middelsrike areal blir dominert av artar som blåbær og smyle og er middels gode beite. Areal som har godt med næring og vatn i jorda er produktive med gras- og urterik vegetasjon. Dette er dei beste beiteareala av di planteproduksjonen er 2-3 gonger høgare her enn på blåbærmarka, samstundes som dei artane som vekst her oftast er meir næringsrike.

Denne variasjonen ser vi typisk i bratte lisider der det gjerne er grunn-

lendt og vatnet renn fort av i den øvste delen. Nedst i lisida er det oftast godt med lausmassar og sigevatn frå lia blir stuva opp og slår ut mot overflata. Her forekjem areal av gras- og urterik skog som blir kalla engskog. Engskogane er produktive og veldig verdifulle beiteareal der dei er godt kultiverte gjennom langvarig beite og kanskje tidlegare slått. Breiblada grasartar vil da dominere vegetasjonen.

Desse rike skogane utgjør dei mest produktive areala vi har i norsk natur. Slike lier får stadig tilførsel av gjødsel og vatn frå ovaforliggende areal og kan haustast år etter år utan at produksjonen går ned. Disse frodige utmarksareala har vore overlevingsgrunnlaget vårt gjennom alle tider vi har drive husdyrbruk, så nær som dei siste 100-åra da vi har fått teknologi og energi til å drive eit meir intensivt åkerbruk. Mykje av den dyrka marka vi har er dyrka opp av di ho er lett å dyrke og godt framkomeleg med traktor. Dersom gjødsel ikkje blir tilført vil planteproduksjonen vera låg på mykje av dette arealet.

Beste beitet utgjør små areal

Utmarksvegetasjonen kan vi dele i tre beitekvalitetar; svært godt beite, godt beite og mindre godt beite. Nye undersøkingar frå Skog og landskap viser at dei beste beita utgjør berre om lag 13%

av det tilgjengelege utmarksbeitet i Noreg. 44% er middels gode beite medan 43% er mindre gode beite. Det siste er areal med så lite beiteplanter at beitedyr ikkje vil gå her så lenge dei har val.

Dei beste beita utgjør av dette ikkje så store areal. For beitenæringa gjeld det å halde på at dei mest produktive areala skal disponerast til produksjon av mat. Dei magre areala er ofte opplendte og er betre byggegrunn for hytter, har betre utsikt og er mindre utsette for å vekse att med tett vegetasjon. Det burde såleis vera plass til mange slags arealbruk i utmark, både hytter og beitedyr. Men skal dette gå utan konflikter må areala sorterast etter det dei er best eigna til. Dessverre ser ein ofte at beitenæringa er i arealkonflikter og brukar energi og pengar på å stri om heller skrinne areal.

Skal ein nå fram i kampen om areala i utmarka må beitenæringa ha kunnskap om kva som er beste beita, og næringa må vera til stades der areal-disponering blir avgjort. Dette er først og fremst i kommunale planprosessar. Beiteplaner som går inn i det kommunale planverket er derfor svært viktig. Ein utbyggjar skal ikkje vera i tvil om kva areal som det er knytt sterke beiteinteresser til før planlegging av anna bruk blir starta. Det nyttar lite å koma i ettertid når reguleringsplaner



Lav- og lyngrik bjørkeskog er mindre godt beite.



Blåbærbjørkeskog er middels godt beite.



Engbjørkeskog er svært godt beite.




Hytter i beste beitemarka på austsida av Skarvatnet.

blir fremma for hyttebygging. Det er ikkje lett å hevde at ein kan hauste 40-50 føreiningar per dekar og år når tomteverdien er ein million kroner.

Oppdal kommune

Norsk institutt for skog og landskap har kartlagt utmarksbeitet i mykje av Oppdal kommune. Kommunen har veldig gode beite i utmarka og slepper 45.000 sau og 1.400 storfe her kvart år. Ved sida av dette er Oppdal den største hyttekommunen nord for Dovre. 3.000 hytter skal også ha plass i utmarka. Når ein plottar alle hytter i den delen av kommunen som er tettast bygd ut på eit beitekart, ser ein at det meste av hyttene er plassert i beste beitet (figur 2). Ikkje nok med at det er beste beitet, hyttene ligg også i nedste lisona som er tidlegaste beitet. Dette er særleg viktige areal for fjellbygda som kan ha knapt med beite i seine vårar.

Ein kan innvende at Oppdal har så mykje rik mark at skal ein ha hyttebygging er det mest uunngåeleg å ta av dei gode beita. Det er ei rimeleg innvending, og da blir val av utbyggingsstrategi viktig. Tett utbygging vil spare mykje




Figur 1. I nedre del av bratte lier blir sivevatnet stuva opp og slår ut mot overflata. Dette kan gje grunnlag for svært frodig vegetasjon.


areal i høve til det ein ser ved Skarvatnet og i Gjevilvassdalen der hyttene ligg spreidd over store areal i fjellbjørreskogen.

Sjølv om Oppdal kommune har store utmarksareal med høg beite-kvalitet, viser grove utrekningar kring beiteressurs og dyretal at





Figur 2. Kring Skarvatnet og i Gjevilvassdalen i Oppland kommune er det meste av hyttene plassert i beste beitemarka.



Figur 3. Dei fleste hyttene i Oppland ligg innafør område som blir bruka av organiserte beitelag.

det truleg er i overkant med beitedyr i enkelte område. Beiteressursane i utmarka er såleis ikkje uendelege.

Oppland fylke

Oppland fylke har høgast utnytting av utmarksressursane til beite av alle fylka

i landet. 57% av arealet blir bruka av organiserte beitelag. Foreløpige tal viser at minst 60% av beiteressursane i utmarka er utnytt. Samstundes er dette fylket med flest hytter; i alt 44.000. Det meste av desse er lokalisert til areal som også er utmarksbeite.

Beiteutnyttinga har store lokale variasjonar. Ut frå figur 3 ser ein at det særleg i midtre del av Gudbrandsdalen er både høgt sautal og mange hytter i utmarka. Kva dette har å seie for utnyttinga av beitet har vi lite systematisk kunnskap om.

STREKKMETALL TIL SAU

Norsk kvalitet, galvanisert

Platetykkelse: 3,5 eller 4,0 mm
Hullåpning: 17 x 38 mm
Platelengder på lager: 160 – 300 cm

Vi leverer:
Løse plater, (til deg som har trevirke selv)
Som byggesett, (vi lev. imp. plank, m/festemidler)
Sveiset på stålrammer, (med 3,5 mm plater)

Vi sender over hele landet, på billigste måte.
(leverer selv i Sør-/Vest-Norge, med egen bil)

Beste kvalitet, til beste priser!

Fjermestad Gjerdelager
4355 Kvernaland - Tlf. 51 48 55 62 - E-post: fjerm@online.no

Konsekvensvurdering

Døma frå Oppland og Oppland viser at det er viktig å veta kva konsekvensar det har for beitenæringa når areal blir disponert om til anna bruk. Det er veldig sjeldan at inngrep i utmarksbeite ved hyttebygging blir konsekvensvurdert. Reglane for konsekvensvurdering av dette er uklare og det er mykje opp til kommunale planmyndigheiter i kva grad det blir gjennomført. Beitenæringa kan vera ei pressgruppe for å få dette gjort. Dessverre ser ein ofte at næringa er splitta i slike saker, da mange kan vera involvert som grunneigarar og vil ha del i dei store pengesummane som ligg i tomtsalg.

Av Yngve Rekdal og
Michael Angeloff,
Norsk institutt for skog og landskap